

## **Forskrift om gebyr for lovfesta feiing og tilsyn med fyringsanlegg, Stranda kommune, Møre og Romsdal**

Heimel: Fastsett av Stranda kommunestyre dd. mmmm år med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 28 og forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 17.

### **§ 1. Formål**

Forskrifta har som formål å gje kommunen grunnlag for å dekkje utgifter ved gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova § 11 første ledd bokstav h. Tenesta skal prisast i tråd med sjølvkostprinsippet.

Forskrifta regulerer gebyrordninga for feiing og tilsyn med fyringsanlegg .

### **§ 2. Verkeområde**

Forskrifta gjeld gebyr for behovsbasert tilsyn og feiing av alle fyringsanlegg som kommunen har ansvar for i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova og forskrift om brannforebygging.

### **§ 3. Definisjonar**

I denne forskrifta tyder:

- a. Eigedom: Fast eigedom registrert med eige gards- og bruksnummer, eige festenummer eller eige seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i høve til eigarseksjonslova vert rekna som sjølvstendig eigedom.
  - b. Eigar: Den som har grunnboksheimel til eit byggverk som inngår i feie- og tilsynsordninga.
  - c. Fyringsanlegg: Omn, sentralvarmekjele eller varmluftkjele der varme vert produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusiv røykrør og matesystem for brensel.
  - d. Matesystem: Anlegg for tilførsel av fast eller flytande brensel.
  - e. Røykanal: Heile kanalen for transport av røykgassar frå fyringsanlegg til friluft.
  - f. Skorstein: Vertikal kanal av murverk, betong eller stål som ledar røykgass bort frå fyringsanlegget.
- Ein skorstein kan innehalde fleire røykkanalar.

### **§ 4. Gebyr**

Årlege gebyrinntekter skal fullt ut dekkje inn kostnadene ved levering av tenestene denne forskrifta omhandlar, jamfør sjølvkostforskrifta § 8 første ledd første punktum. Dette hindrar likevel ikkje at kommunestyret for det enkelte år kan vedta at gebyrgrunnlaget skal utgjere ein mindre del av samla sjølvkost, jamfør sjølvkostforskrifta § 8 første ledd andre punktum.

Gebyra blir fastsett av kommunestyret og kjem fram av kommunens årlege budsjettvedtak. Kommunen kan differensiere gebyra ut frå den enkelte eigedoms behovsprøvde frekvens for høvesvis feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Gebyra og eventuell differensiering kjem fram av kommunens budsjettvedtak.

Gebyr krevjast inn frå eigar av eigedom med eitt eller fleire fyringsanlegg, uavhengig av om fyringsanlegga er i jamleg bruk eller ikkje. Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg krevjast inn per fyringsanlegg. Gebyra krevjast inn årleg og er ikkje knytt opp mot tidspunkt for feiing eller tilsyn med fyringsanlegg.

Dersom det ikkje er køyrbar veg fram til eigedomen kan abonnenten belastast eit tillegg i det ordinære gebyret. Tillegget kjem fram av kommunens budsjettvedtak.

Dersom kommunen, etter varsel og ved oppmøte til fastsett tid, ikkje kan utføre tenesta av di det ikkje er tilfredsstillande tilgjenge til fyringsanlegg eller skorstein, kan kommunen krevja eit ekstra gebyr i tillegg til årsgebyret. Tillegget kjem fram av kommunens budsjettvedtak.

Krav på gebyr etter brann- og eksplosjonsvernlova § 28 er tvangsgrunnlag for utlegg og krevjast inn av skatteoppkrevjaren etter reglene for innkrevjing av skatt.

### **§ 5. Gebyrfritak**

Kommunen kan godkjenne skriftleg søknad om fritak frå gebyrplikt, dersom eigedomens yringsanlegg er fråkopla og skorstein eller røykrør er blenda. Eigar pliktar å dokumentere at fråkopling og blending er tilfredsstillande utført.

Kommunen kan krevje gebyr etterbetalt frå tidspunkt for innvilga gebyrfritak, dersom eigar ikkje melder i frå om at fyringsanlegg og skorstein igjen vert teke i bruk.

### **§ 6. Klage**

Klage på vedtak gjort i medhald av denne forskrifta rettast skriftleg til Fjord kommune, jamfør forvaltningslova § 28 andre ledd.

Sakshandsaming ved klage følgjer regelverk gjeve i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova og forvaltningslova.

### **§ 7. Handheving og sanksjonar**

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal finne stad i samsvar med kapittel 7 i brann- og eksplosjonsvernlova.

### **§ 8. Ikraftsetjing**

Denne forskrifta vert sett i kraft xx.xx.xxxx. Frå same tid opphevast tidlegare forskrifter om gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i Stranda kommune.